



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
07.12.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/3445 - 561
Dykkar referanse
NVE 200708099-7

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Tilleggsfråsegn til søknad om bygging av Trolleholselva kraftverk i Ortnevikvassdraget (070.2Z), Høyanger kommune

Vi viser til fråsegna vår datert 25.09.12 og til sluttsynfaringa 29.10.12 der vi vart samde om at Fylkesmannen skulle kome med ei tilleggsfråsegn vedr. landskapsvernområdet og eventuelt om fiskeinteressene.

Verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde

I Trolleholet er knekkpunktet for grensa for Stølsheimen landskapsvernområde på ca. 297 moh. Det er lite ferdsel (fotturistar) her, og stien er lite synleg. I konsesjonssøknaden står det at «*det lages en inntaksdam i Trolleholselva. Dammen blir ca. 4 meter høy med en kronelengde på ca. 20 meter. Inntaksdammen får et fast overløp på kote 290. Neddemmet areal blir ca. 150 m² og oppdemmet volum ca 350 m³. Dammen er planlagt som en gravitasjonsdam av betong med fast overløp. Det etableres et inntak med rist og luke i dammen. Ved overgangen til røret blir det montert lufterør*».

Inntaksdammen med vasspegelen innafor dammen vil så langt vi kan sjå bli liggjande utanfor grensa for Stølsheimen landskapsvernområde, i ei avstand på ca. 20 meter på det næraste, omlag 30-40 meter frå knekkpunktet i grensa.

I Breidalen er knekkpunktet for grensa for Stølsheimen landskapsvernområde på 290 moh. Inntaket i Breidalselva ligg på same høgde, om lag 5 meter frå grensepunktet. I konsesjonssøknaden står det at «*ved inntak i Breidalselva etableres en terskel i naturstein og det graves ut en kulp bak denne terskelen. For å hindre erosjon plastres bunnen og sidene av terskelen med naturstein etter behov. Selve rørinntaket føres inn i en ristkonstruksjon (såkalt «haibur») som etableres i kulpen. Terskelen vil ha en kronelengde på ca 20 meter, og topp terskelkrone vil ligge på kt.290. Denne løsningen vil være mindre ruvende og synlig enn et tradisjonelt inntak i betong*».

Etter synfaringa har vi sett nøyere på plasseringa av inntaksdammen. Avstanden frå grensa for landskapsvernområdet (vest for elva) til (midten av) Breidalselva er ut frå kartet ca. 1 meter. Det er difor klart at sjølve inntaksdammen på vestsida vil liggje fleire meter (ca. 10 meter) inne i landskapsvernområdet, medan gravinga vil gå enno lenger inn. Bygging av inntaksdammen medfører og at vatnet vert fjerna inne i landskapsvernområdet om lag 15-20 høgdemeter lenger ned, fordi elva renn innafor landskapsvernområdet over ei strekning på ca. 60 meter nedafor planlagd inntaksdam.

Å byggje inntaksdammen som planlagt og fjerne vatnet på strekinga som ligg i landskapsvernområdet er i strid med vernereglane. Verneforskrifta seier dette: «*alle inngrep eller verksemd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode, så som oppføring avanlegg og faste innretningar,drenering og anna form for tørrlegging, Vassdragsregulering, ...*» (verneforskrifta pkt. IV, 1). Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

for «Gjennomføring av dei to kategori I-prosjekta i Samla Plan som gjeld overføring frå øvre del av Tuledalen til Åsebotnen kraftverk i Modalsvassdraget og bekkeinntak i Stordalen (alt V2 i Ortnevikvassdraget) i samband med utbygging av Østerbø/Mjølvik i samsvar med Stortinget sitt vedtak». (verneforskrifta pkt V, 15). Overføring av Tuledalen i samband med Åsebotnen kraftverk er gjennomført, medan bekkeinntak i Stordalen er teke ut i konsesjonssøknaden for Østerbø kraftverk, som er til handsaming i NVE når dette vert skrive.

Ein søknad må vurderast etter den generelle dispensasjonsparagrafen, som med naturmangfaldlova av 1. juni 2009 lyder slik:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.» (§ 48 i naturmangfaldlova, første ledd).

Det er verneområdestyret for Stølsheimen som er forvaltningsmyndighet for landskapsvernområdet, og det er såleis verneområdestyret som må ta stilling til ein eventuell søknad om dispensasjon frå verneforskriftene.

På generelt grunnlag vil Fylkesmannen peike på at det er ein høg terskel for å gje dispensasjon med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, og vi kan vanskeleg sjå at det er heimel til å gje løyve til denne type tiltak i eit landskapsvernområde.

Fisk

Dersom Breidalselva ikkje vert regulert og minstevassføringa i Trolleholselva vert sett til minimum 5-persentil, vil produksjonspotensialet for anadrom fisk etter vår vurdering i stor grad verte oppretthalde. Dette vil truleg sikre akseptable produksjonstilhøve på strekninga frå samlaupet mellom Trolleholselva og Breidalselva og ned til kraftstasjonen som er den viktigaste delen av den anadrome strekninga som vert påverka av eit eventuelt kraftverk. Ovanfor samlaupet med Breidalselva har Trolleholselva mindre verdi for anadrom fisk, og ei minstevassføring på minimum 5-persentil vil oppretthalde eit visst produksjonspotensial.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Småkraft AS
Høyanger kommune
Stølsheimen verneområdestyre v/forvaltar Anbjørg Nornes